

**Hemmelig.**

**Dette eksemplar bedes tilbakelevert Stortingets kontor når saken er behandlet av Stortinget.**

**Kap. 2021.  
(Avgiftsvedtak.)**

**Innst. S. B.**

**Tilråding fra finans- og tollnemnda om stempelavgift til statskassa av tobakkvarer.**

Til Stortinget.

Departementet finn under dei noverande tilhøva å måtte råda til at dei avgiftssatsar som gjeld for sigarar, sigarettar, røykjetobakk og skrátobakk vert auka. Avgifta av sigarettihylser og snus fører departementet opp ubrigda.

Departementet uttaler om avgiftsauken:

«Etter departementets framlegg, som er i samsvar med en av Direktøren for Tobakkbeskatningen m. v. avgitt uttalelse av 9 november 1939, vil stempelavgiften på sigarer som nå er fra 20—25 pst. av detaljprisen når denne forutsettes å falle sammen med avgiftsklassens maksimumsgrense, utgjøre 30 pst. av detaljprisen for alle verdiklasser unntatt de to første og den siste. For sigarettar vil avgiften under samme forutsetning bli 44—50 pst. av detaljprisen mot nå 40—43 pst. For røyketobakk vil forhøyelsen på samme måte betinge en avgift av 16—22 pst. av detaljprisen mot nå 12—19 pst. Avgiften på skrátobakk som nå er 5,5 pst. av detaljprisen, vil etter forhøyelsen bli 11 pst.

I samband med avgiftsforhøyelsene foreslår departementet en regulering og sammenslåing av verdiklassene for sigarer, sigarettar og røyketobakk, idet en ikke finner det hensiktsmessig å ha så mange klasser som nå, da en rekke av dem ikke har noen praktisk betydning. Ved en slik rasjonalisering minsker en det offentliges utgifter til stempelmerker, likesom beskatningskontrollen og tollvesenet slipper å sitte inne med merkebeholdninger som det praktisk talt ikke er bruk for.»

Tobakkstempelavgifta har i terminen 1938—1939 gjeve om lag 26,28 mill. kroner mot eit overslag på 21 mill. kroner. Den er førd opp på budsjettet for inneverande termin med 22 mill. kroner. I dei fyrste 6 månadene av terminen (juli—desember) er kome inn om

lag 14,64 mill. kroner mot om lag 13,50 mill. kroner i same tidsrommet i terminen 1938—1939.

For terminen 1940—1941 meiner departementet at avgifta kan førast opp på budsjettet med 30 mill. kroner.

Av omsyn til mogelege brigde i prisar eller andre utenkte omstende finn departementet det turvande ogso for komande termin å få fullmakt til å gjera slikt brigde med omsyn til verdiklassane og avgiftssatsane for sigarettihylsene og røykjetobakkstempelavgifta som det finn fyremålstenleg og som kan gjennomførast utan at avgifta ved det gjennomgåande vert prosentvis mindre enn vedteke av Stortinget.

Departementet rår til at dei auka avgiftene vert sette i verk alt i inneverande termin og av praktiske omsyn frå den tid Kongen fastsett — om fyremålstenleg etter kvart for kvar einskild varegruppe.

Departementet meiner at avgiftsauken i inneverande termin vil gjeva ei meirinntekt på ca. 1 mill. kroner.

Etter § 7 i tobakkstempelavgiftslova, jfr. lov av 7 desember 1923, skal avgiftsauken også gjelda dei avgiftsskulde varer som alt er førde ut i handelen og ligg hjå forhandlerane på den tida dei nye avgiftene vert sett i verk, dersom ikkje noko anna vert fastsett i avgiftsvedtaket. For å sleppa etterstempeling og den utsetjing med gjennomføringa av avgiftsauken som ville verta fylgjen, finn departementet at det er naudsynleg at det like eins som tidlegare i liknande tilfelle får fullmakt til å frita for etterstempeling dei pakningar som då avgiftsvedtaket vert sett i verk alt er fråførd dei avgiftsskulde firmaer som selde, så framt departementet finn at dette er fyremålstenleg og tilrådeleg. Sjå punkt II i utkastet til vedtak.

Nemnda er samd med departementet og rår Stortinget til å gjera dette  
vedtak:

## I.

Frå den tid Kongen fastsett skal det til statskassa svarast stempelavgift av sigarar, sigarettar, sigaretthylser, snus, røykjetobakk og skråtobakk etter desse satsar:

## A. Av sigarar:

Kr.	2,00 pr. 100 stk. av verdi	opptil kr.	7,00
» 2,40	» —»— —»— over kr. 7,00	» 9,00	
» 3,60	» —»— —»— » 9,00	» 12,00	
» 4,80	» —»— —»— » 12,00	» 16,00	
» 6,00	» —»— —»— » 16,00	» 20,00	
» 7,20	» —»— —»— » 20,00	» 24,00	
» 8,40	» —»— —»— » 24,00	» 28,00	
» 9,60	» —»— —»— » 28,00	» 32,00	
» 10,80	» —»— —»— » 32,00	» 36,00	
» 12,00	» —»— —»— » 36,00	» 40,00	
» 13,20	» —»— —»— » 40,00	» 44,00	
» 15,60	» —»— —»— » 44,00	» 52,00	
» 18,00	» —»— —»— » 52,00	» 60,00	
» 20,40	» —»— —»— » 60,00	» 68,00	
» 22,80	» —»— —»— » 68,00	» 76,00	
» 36,00	» —»— —»— » 76,00.		

## B. Av sigarettar:

Kr.	2,20 pr. 100 stykke av verdi	opptil kr.	5,00
» 3,20	» —»— —»— over kr. 5,00	» 7,00	
» 4,80	» —»— —»— » 7,00	» 10,00	
» 6,40	» —»— —»— » 10,00	» 13,00	
» 8,40	» —»— —»— » 13,00	» 17,00	
» 10,40	» —»— —»— » 17,00	» 21,00	
» 12,40	» —»— —»— » 21,00	» 25,00	
» 16,00	» —»— —»— » 25,00.		

## C. Av sigaretthylser:

Kr. 0,25 pr. 50 stykke av pakningas innhald eller del av denne.

## D. Av snus:

Kr. 0,25 pr. 50 gram av pakningas innhald eller del av denne.

## E. Av røykjetobakk, herunder karva skrātobakk:

Kr.	0,24 pr. netto 100 gram, når detaljprisen, pakningas verdi og stempelavgifta irekna	er opptil kr.	1,50
» 0,36	» —»— —»— —»— —»— over kr. 1,50	» 2,00	
» 0,48	» —»— —»— —»— —»— » 2,00	» 2,50	
» 0,60	» —»— —»— —»— —»— » 2,50	» 3,00	
» 0,72	» —»— —»— —»— —»— » 3,00	» 3,50	
» 0,84	» —»— —»— —»— —»— » 3,50	» 4,00	
» 1,08	» —»— —»— —»— —»— » 4,00	» 5,00	
» 1,32	» —»— —»— —»— —»— » 5,00	» 6,00	
» 2,00	» —»— —»— —»— —»— » 6,00.		

## F. Av skrātobakk:

Kr. 0,08 pr. 50 gram av pakningas innhald.

## II.

Finans- og tolldepartementet kan frita for etterstempling pakningar med sigarar, sigarettar, røykjetobakk og skråtobakk som før desse satsar gjeld er levert ut som selde frå tilverkingsbedrifter eller frå firmaer med løyve til å stempela innførde tobakkvarer på eige lager og som har avgiftsplikt i samsvar med dei avgiftssatsar som gjeld på utleveringsdagen.

## III.

Finans- og Tolldepartementet får fullmakt til å gjera slike brigde i dei for stempelavgift av sigarar, sigarettar og røykjetobakk fastsette verdiklassar og avgiftssatsar som det finn fyremålstenleg.

Oslo i finans- og tollnemnda 22 januar 1940.

**Ivar Lykke,**  
formann.

**K. Bergsvik,**  
ordførar.

**T. Haavardstad,**  
sekretær.